Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Vestagder.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bjelland Konsmo og Austad heim.

Emne: Høgtidsmat ved familiefester.

Bygdelag:

Oppskr. av: Rachel Thomassen

Gard:

(adresse): St. Olavs pl. 1, Oslo.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja det e iblyje heilt slitt endå
2. Mest ein og ein; men sume bir tvo.
3. Nei det måtte i tilfelde vera syskin eller nær skylde.
4. Dei kom sjeldan før den 4:de dagen
5. og dei kom berre i gong.
6. Det første eg hugsar mor fortalte kom dei med lefse i ei stor lefsekorg. Lefsene var ca 70 cm i tvermål og dei låg heile i denne korga. Ho var flat i botnen med ein fin utskoren ring rundt og so tvo handtak til å bera. Det laut då stådt vera med ein til døra; men så snudde han, eller ho heimatt, og berre kona gekk inn. Lefsene var smurt over med mykje smør og sume tes sukker.

Lefsekorga ser slik ut



Attåt dette hadde dei, gome kokt av nysilt mjølk, skeft med sur og kandis sukker eller sirup

8255

Det hende og at dei hadde (ueör med) serleg der det var smått og mange til å eta.-

8. Sumare var det risgraut eller rjómegraut dei bar. Då hadde dei grauten i fat, mest i grove „steinfat" som dei kalla. Det var sume hende fat. Sume hadde treballar. Attåt grauten hadde dei mest tunt lefse og panne-kakor.

I kring 1915-20 var det heilt slutt med risgrauten. Dei fann ut at det var ein skadeleg mat for eit menneskje som skulle liggja still. Det fekk sume tie så breg mage at det vart vere enn „barnsengå" fortalde mor. - Så kom suedskegrauten. Den har halde seg fram til vår tid - men nå slutter det meir. Nokon kjem med mat og andre med små ting til den nyfödde. Det e liksom ingen tradisjon lenge nå.

9. Denne ferda kalla dei å „lyast" å gå med „lydningspose" eller med „barsel graut".
Nå høyre ein sjeldan desse nemningane.

10. Det var alltid mor i huset. Var de inga borna so laut den eldste gå.

11 Mannen måtte aldi vera med det sa seg liksom sjölv, at det passa ikkje

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
8255

II

12. Det va alltid vanleg at den som kom med lydning skulla ha koffi; sume stader slutta dei med dette og so hadde eit gjestebod seinare, når kona va frisk att. Nå e det slutt med å kakkea utan det då e folk som kjem langvegs.

13 Dei kalla det konegjestebod. Det va ingen skilnad om det va gut elle gjente.

14. Konegjestebod.

15. Det var helst slik at ville ein gi den nabo som fekk eit uekte barn gjorde dei det helst i lögnd. Det var berre sårande å koma som vanleg, men det var så sjeldan at slikt hende.

16 Skikken med lefsekorene heldt seg fram til ca 1890, men då kom dei ikkje å betta dei saman og so ha graut ved sia.

Det e ikkje skik å senda blomar.

17 Gave til den nyfödte hadde dei mest aldri. Det måtte då vera

18 teskeiar. Nå e det som regel venner og nære skyldfolk som gjev smöling til barnet.

19 Dåpsbalas har ikkje vore av dei store slaget. Det har mest vore små samankomar med fadderane og dei næraste skylde. Dei sa mest at dei skulle ha ei lita dåpsveidsla; men mor som

8255

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

~~2~~

20 kom på Hønnes sa barnsøl
21 Gjestene kom med gåvene om morgonen; men dei vart ikkje opna før dei kom på kyrkja. Elles var dette noko ulikt dei ymse stader.
22. Til vanleg var det kestemor eller om ho ikkje kunne, ein av dei næraste i slekta som bar barnet, og som regel gav dei mest.
23 Det er likedan endå.

B. I gamle tider brydde dei seg ikkje
24 med fødselsdagar, det var først for ca 50 år sidan at dei tok til med det. Borna fekk beda til seg nokre av leikevenene sine, og dei fekk eit måltid mat. Det har vorte meir og meir av dette etter kvart
25 Vaksne brukar sjeldan å ha noko lag på årsmålsdagar, sume har eit lite lag når dei er 50-60-70- og 75-år; men det er berre småtteri.
26. Det er berre dei aller nærmaste som vert bedne; men vener og kjenningar i grannelaget kjem sine tider og ynskjer til lukka.
27. Det er som det høver—
28 Det kan eg ikkje var tale om.
29 Til born vert det brukt sjokolade og kaker. Sume får ljos på kaka.

C I dei eldste tider eg kjenner vart konfirmasjonen høgtida i det stille. Det var ein nokså alvorsam

8255

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

lag, ikkje slik som nå. Seinar ikring
1920-30 tok dei til med å leda saman
dei næraste til eit lite gjestebod. Nå er
det vanleg med gjestebod i mest
kvart hus. Sume ber læraren og
sume også presten.

33 Dei brukar ikkje sending; men dei
tek med seg ei gåve som vert
lagt tilsides til etter kyrkjebid. Det
kjem ofte gåver frå mange andre
enn dei bedne. Telegrammer får
dei som regel ei mengd av.

35 Det er ikkje noko bestemt slag
av mat som er brukt.

D. Bryllup.

Det var nok av og til halde festar,
men det va ikkje noko ål ment.
Nå er det så ulikt alle ting. Sume
har eit trulovingsgjestebod, andre
gjer det av i det stille alt.

I dei eldste bryllupa me kjenner
vara festen gjerne i tre dagar.
Fyrste dagen var liksom den
fjåvaste. Då fekk gjestene kjøt og
suppe, lefse klining finbrød og
kravle og så ikkje å gløyma
øl og dram. Dei drakk og drakk
heile fyrste natta, medan dei
unge va på låven og leika seg.
Dagen etter tok dei så restane
frå førre dagen; men i tillegg
fekk dei rjomegraut eller ris
graut. Tredjedagen var det mykje
flesk eller kurva-kjøt til middag

8255
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dei bruka å eta fire gonger og so ei
gong om natta. Men det var
berre middagen som det vart
noko greie på, for det var aldri
plass til alle ved borda. Det
var mange bordsetnade so dei
åt mest jamt, og når du var
fulle og fyllesjuke, gekk det
som det kunne med etinga.

39. Til slike stor bryllup var det vanlig
dagen før bryllupet å bera saman
mjølka på heile garden. Utan
om dette bar dei smør med seg,
og sume tok gome. Dei rike
tok med myljé, dei andre ette
som du hadde.

40. Å krota smøret va svært vanleg.
I mest alle hus hadde dei ei
smørform, fint utkrota, som dei
forma smøret i. Sume la det
ned i ein stor balk med krota
lok. Lokket vart trykt ned på
smøret so krotet stod att.

41 Nei

42 Dei kalla det rett og slett sending.

43. Det var ymse, sume bar ein av dei
unge i huset og sume bar kona.

44 Det va ingen fest i dette strøket

45 Den som kom med sending fekk
alltid smaka på ølet, elles va
det ikkje noko sending heimatt
då

46 Men når bryllupet va slutt vart
det laga posar med mat til dei
som heime var. Det va bruda,
eller henner maske som stelte med
dette.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8255

47. Det e slutt med dei stor bryllupa
nå. Ein dag e nok. Det e fleire
år sian det vart bruka med
tri dagar. Det siste eg veit om
vart halde på Ågedal for 48
år sian. Seinare har det vore
eit og anna som har vart i
tvo dagar, men nå e det
slutt. Det e fleire som reiser
til byen og giftar seg og sume
48 held bryllup på hotel. – Det e
så mange som ikkje vil halda
49 bryllup heime avdi det har vorte
so nyleg bråk med „kikarar" som
skågner til og gjer ugagn.
50 Dei får sjølsagt minder gåver, men
dei meraste gir likevel.
51. Det e ikkje mange som held fest
til minne om bryllupsdagen
Dei fleste huskje ikkje på det før
dei har vore gift i 25 år.

## E. Gravøl.

52. Heile garden eller grenda vart bedne
Ein nær skylding vart sendt
rundt til alle for å be dei og
så segja på når dei skulle
møta fram.
53 Det har ikkje vore mein enn tvo
dagars gravøl på aldri so lange
tid men det heldt seg heilt
fram til 1920–30 Etter den tid
vart det minder og minder, og nå e
det aldri mein enn ei mål tid mat
sume tid berre tvo.

8255
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

54. I den fyrste tia - fekk alle mat før dei drog til kyrkja. Dei som hadde lang veg tok ogsá med seg litt niste. Når dei så kom att fekk dei fersk kjøtsuppe. Seinare fekk dei koffi med lefse, sykkerkake og alle slags godt pålegg, heimelaga Gomme og kalvesúis m. m. Langt út på natta fekk dei så graut. Det vart sett mange store fat kring langbordet. Fall åt mange av same fat frå kvar sin kant.

55 Eg har aldri høyrt om noko mat som ikkje kunne brukast.

56. Middag.

57. Det var alltid i heimen.

58. Heile gars mjølka vart samla inn tvo dagar før til vanleg. Smør o.l. tok dei med når dei kom.

59 Dei kom med smøret i små kolkar elle i form.

60 Nei.

61. Nei aldri

62. Då dei bruka tvo dagar. Vart garden bedden inn den andre dagen og. Då var dei der til middag og koffi, so reiste dei heim. Men så vart det slik at berre dei næraste skyldingane vart bedne til å vera over neste dag. Sidan 1940 slutta dei ogsá med grauten om natta, so det berre vart tri måltider. Det held dei ved med endå. Men sume som har lite plass og vanskeleg

8255

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

for å få hjelp, held nå gravøl på eit hotel elle ein plass nær kyrkja. Bedehus, ungdomshus, o.l. Somme gjer det slik at dei lagar fat til å stella og somme tingar mat til gjestene på ein kafe elle eit hotel. Somme brukar middag og koffi; andre berre smørbrød og koffi.

63 Det er slutt med alkohol i slike høve. Det fins kanskje ein og annan som har litt i løynd, men det vert aldri servert gjestene.

64 Sending lev halde seg ~~litt~~ heilt fram til nå i gravøl. Allvisst mjølke samlinga.

68. Dei ber ikkje skuffling til gravøl

69 Eg trur det tok til for ca 30 år sidan hjå oss

F. Nyttesber

70. Nei det har eg aldri høyrt nokon

71. Morsdagen vert sjeldan feira, det kann vera i prestegarden o.l.

72 Nei slett ikkje.

74 Vi ser skrådt i avisen om mors og farsdag, men på landet brukar ingen det. (elle mest ingen)

75 Vi så det i avisene.

R. Tomassen



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING